

Overordna utdanningsplan for fysikalsk medisin og rehabilitering i Helse Førde

Utdanningsverksemda skal sørge for at utdanninga av legespesialistar skjer innan fagleg forsvarlege rammer, og på ein måte som sikrar tilstrekkeleg kvalitet og gjennomstrømming i utdanningsløpet. Det skal lagast ein overordna utdanningsplan for den enkelte spesialitet som angjev korleis verksemda vil sikre at legar i spesialisering kan oppnå læringsmåla. Føremålet med den overordna utdanningsplanen for kvar av spesialitetane er å beskrive oppbygging og rekkefølge for heile utdanningsløpet i spesialiteten, inkludert spesialisering / suppleringssteneste.

Føresegna stiller tydelege krav til kva utdanningsplanen skal innehalde. Helse Vest har laga ein mal for korleis utdanningsplanen skal utformast. Dei ulike planene vil bli publiserte på helseføretaka sine nettsider, og vil vere tilgjengelege for

- 1) spesialitetskomiteane som skal godkjenne og vurdere utdannings-verksemdene
- 2) for LIS som skal søkje jobb.

Utdanningsplanane skal seinest publiserast 1. juni 2019, og skal deretter oppdaterast årleg. Denne planen er oppdatert august 2022

Spesialitet:

Fysikalsk medisin og rehabilitering

Omtale av utdanningsverksemda:

Utdanningsverksemda har til mål å gi lege i spesialisering gode faglege kunnskapar og ferdigheiter og et godt klinisk erfaringsgrunnlag. Lege i spesialisering skal få nødvendig bredekunnskap i faget.

Ved Førde sentralsjukehus (FSS) vert spesialiteten fysikalsk medisin og rehabilitering i dag utøvd ved:

1. Fysikalsk medisinsk og rehabiliteringspoliklinikk (FMR poliklinikk)
2. Rehabiliteringssengepost (FMR sengepost)
3. Smertepoliklinikk

FMR sengepost og FMR poliklinikk har lokalisasjon ved Førde sentralsjukehus, mens Smertepoliklinikken er lokalisert ved Sunnfjord medisinske senter (SMS) i Florø.)

FMR poliklinikk:

Største gruppa som blir tilvist til FMR poliklinikk er pasientar med langvarige muskelskjelettsmerter som ikkje skuldast ortopediske, revmatologiske eller nevrologiske

lidinger eller tilstandar. Smertetilstandane fordeler seg på: nakkesmerter, skuldersmerter, ryggsmertor, bekkensmerter/ hoftesmerter, smertetilstandar i ekstremitetar, utbreidde muskel-skjelettsmerter (som kronisk muskelsmertesyndrom/ fibromyalgi/) og hypermobilitetstilstandar. Samtidig førekomst av både smerteplager og utmatting er vanleg, og også pasientar med varierende grad av fatigue får tilbod hjå oss.

Hjå fleirtalet av pasientane er bakanforliggjande årsaksforhold oftast komplekse og samansette, og krev tverrfagleg vurdering og tilnærming for å finne gode løysingar.

Poliklinikken er også delaktig i fleire prosjekt knytt til utvikling av behandling og helsetenester som; «Synsrehabilitering etter hjerneslag», «VR som fysioterapitiltak i rehabilitering av hjerneslagspasientar med motoriske funksjonsutfall» og «Nytt forløp på handrehabilitering i Helse Førde»

FMR sengepost:

Sengeplassane er lokaliserte i avdeling for nevrologi, revmatologi og rehabilitering i Førde Sentralsjukehus.

Rehabiliteringsopphald ved FMR sengepost er mest aktuelt etter akutt opphald i sjukehus.

Aktuelle målgrupper er slagpasientar, hovudskadepasientar, multitraumepasientar, pasientar med ryggmargsskade, multiorgansviktpasientar, og amputasjonspasientar.

LIS i sengepost samarbeidar med legespesialistlegar innan nevrologi og ortopedi i tillegg til andre yrkesgrupper som sjukepleiarar, fysioterapeutar, ergoterapeutar, logopedar, nevropsykolog og synspedagog. Tilsynsordning frå andre spesialitetar ved sjukehuset etter behov.

LIS deltek pt ikkje i vaktordning.

Smertepoliklinikk:

Tverrfagleg tilbod til pasientar med langvarige og betydelege ikkje-maligne smertetilstandar baseret på spesifikke og biopsykososiale behandlingsmetodar. Bakanforliggjande årsaksforhold oftast komplekse og samansette, og krev tverrfagleg vurdering og tilnærming for å finne gode løysingar.

LIS er førebels ikkje tiltenkt ordinær teneste ved Smertepol, men vil kunne hospitere der, og gjere seg kjende med arbeidsmåte, pasientgrupper, og behandlings-/ rehabiliteringsopplegg.

Omtale av utdanningsløpet

Utdanninga vil føregå over 2,5 års tenestetid ved FMR, 1 års tenestetid ved andre kliniske avdelingar (nevrologi, ortopedi, revmatologi, nevrokirurgi, onkologi eller psykiatri, 6 mnd i to fagområder) i Førde sentralsjukehus, og 18 mnd teneste ved HUS Bergen.

Slik tenesta er organisert pr i dag, vil LIS i FMR jobbe både ved sengepost og i poliklinikk.

Introduksjon av nye LIS

LIS får ved oppstart i avdelinga visingsrunde i poliklinikk og sengepost, og blir samstundes introdusert for andre medarbeidarar på desse seksjonane. Dei blir også presentert på fellesmøte for tilsette i FMR første veke.

Dei får ved oppstart informasjon om aktuelle pasientgrupper og problemstillingar, orientering i arbeidsmetodar ved poliklinikk og sengepost, og får innføring i DIPS (EPJ), samt tildelt obligatorisk e-læringsprogram for alle nyttilsette.

Supervisjon, rettleiing og fagleg utvikling

Utdanningskandidaten vil motta rettleiing og supervisjon av fysikalskmedisiner i poliklinikk og sengepost, og legespesialistar knytt til fagområde for dei ulike rehabiliteringsdiagnosene i sengepost. Mykje av den praktiske undervisninga føregår dagleg mellom utdanningsansvarleg overlege og LIS, både pasientretta og generelt, og omfattar fagleg informasjon, opplæring i us-teknikk, og diskusjonar kring pasientar og pasientrelatert problematikk.

Avsett fordjupingstid for LIS: 4 t/ veke.

Avsett fast tid til rettleiing LIS: 1 t/ veke.

I tillegg deltek overlege i undervisning leia av AFMR Haukeland universitetssjukehus, intern undervisning i avdelinga, og sentralisert nettundervisning.

Overlege deltek også i sengepost møte, er tilgjengeleg for drøfting av sengepost pas. 1 time kvar veke, i tillegg til faste vekentlege møter mellom LIS og overlege.

Vurdering og dokumentasjon av oppnådde læringsmål

Dokumentasjon av utførte læringsaktivitetar og oppnådde læringsmål gjerast i Kompetanseportalen. Avhengig av læringsaktivitet vil dokumentasjonen variere frå eigenerklæring via kursbevis til erklæring frå utdanningsansvarleg overlege eller annan overlegesupervisor. Vurdering av om eit læringsmål er oppfylt, utførast av utdanningsansvarleg overlege.

Fagleg progresjon og oppnådde læringsmål vil bli evaluert i rettleiingsmøta.

Teoretisk undervisning

- Intern legeundervisning etter emneliste (45 min anna kvar veke), fordelt mellom overlege og LIS.
- Deltaking på felles interne faglege førelesingar for heile sjukehuset (45 min anna kvar veke).
- Høve til å delta på internundervisning ved andre avdeingar på sjukehuset (mest aktuelt: nevrologi, revmatologi, ortopedi.)
- Deltaking på fjernundervisning (på video): nasjonalt 1 g/ mnd, og regionalt 1 g/ veke.

Minstekrav for teoretisk undervisning er 70 t/ år.

Felles kompetansemål (FKM)

Læringsmål innan område som etikk, forskningforståing, kommunikasjon, kunnskapshandtering, kvalitet og pasientsikkerheit, lovverk, pasient- og pårørandeopplæring, samhandling, systemforståing, organisasjonsutvikling og leiing kan oppnåast gjennom daglege samtalar, drøftingar, kunnskapsformidling og rettleing med utdanningsansvarleg overlege. Vidare gjennom relevant kursdeltaking, og gjennom deltaking i møte, verksemd og diskusjonar på avdelingsnivå relatert til arbeidsrutinar, tverrfagleg samarbeid, arbeidsmiljø, og tenesteutvikling.

Ein god del av desse læringsmåla vil ein og få kompetanse i gjennom deltaking i etablert klinisk aktivitet i avdelinga.

Utdanningsutval og utdanningsansvarleg overlege

Utdanningsansvarleg overlege, er også leiar av utdanningsutvalet, og rettleiar for LIS. LIS vert også vurdert i utdanningskollegium der overlegar frå Nevrologi og Ortopedi også vil delta.

Ein tek sikte på 2 møte pr halvår for å planleggje/ revidere internundervisning og andre læringsaktivitetar.

Forsking

LIS 3 skal gjennomføre FKM-LM 13 som gjelder forskningsprotokoll, lovverk og forskningsetikk. Det blir tilrettelagt for at LIS 3 får delta i kvalitetsutviklingsarbeid og forskning som del av Helse Førde sitt arbeid, eller som deltaker i forskningsgruppe initiert av andre foretak. Samhandling og tverrprofesjonelle tenester har p.t. fleire pågåande kvalitetsforbetningsprosjekt: «Synsrehabilitering etter hjerneslag», «VR som fysioterapitiltak i rehabilitering av hjerneslagspasientar med motoriske funksjonsutfall» og «Nytt forløp på handrehabilitering i Helse Førde». Avdelinga yter i tillegg støtte til andre fagutviklingsprosjekt i Helse Førde, og har i tillegg ein tilsett (psykolog) som har er innstilt til PHD stipendiat stilling 50% knytt til kommunikasjon mellom helsepersonell og pasientar.

Individuell utdanningsplan

Etter tilsetjing vil det bli utarbeidd ein individuell utdanningsplan for LIS, som viser kva LIS skal gjennomføre (læringsmål, læringsaktivitetar og læringsarenaar), basert på kor i utdanningsløpet LIS startar.

Den individuelle utdanningsplanen vil bli utarbeidd av LIS i samarbeid med rettleiar/ utdanningsansvarlig overlege. Planen skal godkjennast av leiar.

Simulering og ferdighetstrening

Ferdighetstrening knytta til prosedyrer vil gjennomførast som ein del av klinisk arbeid i sengepost eller poliklinikk. Simulering vert ikkje nytta.

Tillitsvalde

YLF har tillitsvalde ved FSS som vil kunne ivareta LIS sine interessar, og som LIS vil kunne kontakte ved behov.

Kontakt

For spørsmål om spesialistutdanninga: ta kontakt med utdanningsansvarleg overlege.